

Vest-Agder SV  
Alf Holmelid  
[alf.holmelid@uia.no](mailto:alf.holmelid@uia.no)

## **Vedtak om formell åtvaring for brot på partilova sin frist for rapportering av valkampbidrag: Vest-Agder SV**

Partilovnemnda syner til brev av 30. november 2015. Her ber vi Vest-Agder SV om å gjere greie for eit forhold der dei hadde motteke eit valkampbidrag på 23.000 kroner. Dette vart rapportert og offentleggjort på nettstaden [www.partifinansiering.no](http://www.partifinansiering.no) etter at fristen for rapportering var gått ut.

Partilova § 18 fjerde ledd, har følgjande ordlyd:

*Alle partier og partiledd har i valgår plikt til særskilt å innberette bidrag over 10 000 kroner som er mottatt i perioden 1. januar til og med fredag før valgdag. Innberetningen skal skje innen fire uker etter at bidraget er mottatt. Bidrag mottatt senere enn fire uker før utløp av innberettingspliktig periode i første punktum skal være innberettet innen utløpet av fredag før valgdag.*

Leiar i Vest-Agder SV, Alf Holmelid, svarte på nemnda sitt spørsmål 1. desember 2015. I e-posten seier partiet seg lei for dei ikkje rapporterte bidraget i samsvar med partilova. Det er første gang partiet mottar ei så stor gave, og dei var ikkje klar over at den skulle rapporterast separat i Altinn. Då partiet vart klar over reglane for å rapportere valkampbidrag på ei orienteringsseminar, vart gava raskt rapportert inn.

Partiet vil gjennomgå rutinane sine for å unngå at dette skjer på nytt.

### **Nemndas syn på saken**

Partilovnemnda kan etter partiloven § 24 andre ledd bokstav c "fatte vedtak om bruk av administrative sanksjoner og inndragning". I forskrift 5. februar 2014 nr. 107 om visse forhold vedrørande dei politiske partia (partilovforskriften) § 6-1 første ledd, følgjer at kompetansen kan brukast i to tilfelle:

- a) når partiet eller partileddet har overtrådt bestemmelsene i partiloven § 17 a, § 18, § 18 a, § 18 b, § 19, § 20, § 20 a, § 20 b, § 21, § 21 a første til tredje ledd og § 23, eller
- b) når det er tvil om at partiet eller partileddet eksisterer.

Ved endringa av partilova i 2013 vart det innført krav om særskilt rapportering av valkampbidrag. I Prop. 140 L (2011-2012) s. 51 er forslaget grunngjeve med at ”oppdatert informasjon ligg føre når han er mest relevant”, og ikkje først ved offentleggjering av partia sine rekneskap eit til eit og eit halvt år etter valldagen. Denne fristen er viktig for å innfri føremålet til lova om openheit og synleggjere kven som er støttar partiet økonomisk.

Nemnda meiner at manglande kunnskap om regelverket ikkje er god nok grunn for ikkje å rapportere om mottekne bidrag i høve til partilova sine reglar om rapportering av valkampbidrag.

Ut frå dette har Partilovnemnda kome til at det er grunnlag for å fatte eit vedtak om formell åtvaring for brot på rapporteringsfristen i partilova § 18 fjerde ledd. Denne sanksjonen kan nyttas ved «førstegangsregelbrudd av mindre omfang», jf. partilova § 28 første ledd andre punktum. Nemnda har likevel funne det formildande at det er første gang kravet om særskilt rapportering av valkampbidrag gjeld ved eit kommunestyre- og fylkestingsval.

Ei formell åtvaring betyr at partilaget får ei «prøvetid» dei neste to åra (2016 og 2017). Vidare betyr dette og at ved nye brot på føresegne i prøvetida av § 18 fjerde ledd, eller andre tilsvarende ordensforskrifter i partilova, eller i regelverk med heimel i partiloven, kan det bli sanksjonert strengare enn det som elles er norm for eit slik brot. Det betyr og at den offentlege partistøtta kan bli avkorta heilt eller delvis.

*På denne bakgrunn treffes følgjande vedtak:*

Vest-Agder SV får ei formell åtvaring for brot på fristen for å rapportere valkampbidrag i partilova § 18 fjerde ledd ved kommune- og fylkestingsvalet i 2015. Åtvaringa gjeld for 2016 og 2017.

---

I møte 7. oktober 2015 behandla nemnda fleire tilsvarende saker. Eit utkast til vedtak vart sendt som e-post 4. januar 2016 til medlemmene i nemnda. Vedtaket vart seinare godkjent ved utveksling av e-post, jf. partilovforskrifta § 7-2 andre ledd.

---

Partilovnemndas vedtak om å gi en formell åtvaring er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 første ledd bokstav b. Partilovnemnda kan omgjere vedtaket om grunnlaget for vedtaket fell bort, eller kompetanse til omgjering følgjer av forvaltningslova § 35 første og femte ledd. Vedtaket kan ikkje påklagas etter reglane i forvaltningslova kap. VI, men kan ankast inn for domstolane, jf. også partilova § 28 andre ledd.

For Partilovnemnda



Tor Henriksen  
Sekretariatsleiar

Vedtaket sendes berre på e-post.

Kopi:

Kommunal- og moderniseringsdepartementet, [postmottak@kmd.dep.no](mailto:postmottak@kmd.dep.no)